

Årsmøte i Stokkenes Golfpark BA, 27.01.2006

Årsmøtet vart halde på Nordfjord Hotell, fredag 27.01.2006 med 23 frammøtte. Frå styret møtte; Kent Tryggestad, Helge Haugland, Knut Rønnestad, Dagfinn Gjerde, Åse Skaugseth og Gitta sas ter Stege. Årsmøtedeltakarane vart ynskete velkomen av styreformann Kent Tryggestad.

Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling og dagsorden.
2. Val av møteleiar, referent og 2 medlemar til å skrive under protokollen.
3. Styret si årsmelding.
4. Rekneskap og budsjett.
5. Arbeidsplan for 2006.
6. Baneandelar, regulering av vedtekter.
7. Val av leiar.
8. Val av styremedlemar og 2 varamedlemar.
9. Eventuelt.

Protokoll

1. Godkjenning av innkalling og dagsorden.

Innkalling til årsmøte og sakliste vart annonsert i Fjordabladet og på nettsidene til Nordfjord Golfklubb. Ingen hadde merknader til innkalling og dagsorden.

2. Val av møteleiar, referent og 2 medlemar til å skrive under protokollen.

Årsmøtet valde samrøystes:

Møteleiar:	Øystein Nesse
Referent:	Knut Rønnestad
Protokollunderskriving:	Dagfinn Gjerde og Elias Nes

3. Styret si årsmelding.

Styret si årsmelding vart opplesen. Årsmeldinga vart vedteke justert: I 2005 styret sat Dagfinn Gjerde, ikkje John Matias Garlid som feilaktig stod i meldinga. Årsmeldinga vart samrøystes godkjend.

4. Rekneskap og budsjett.

Kasserar Helge Haugland presenterte rekneskap 2005 og budsjett for sesongen 2006. Ingen hadde merknader og både rekneskap og budsjett vart samrøystes godkjend.

8		Resultat			Dato: 25.01.2006
		Periode: 1 - 12			Side: 1
		Regnskapsår: 2005			
Konto	Tekst	Reelt i periode	Budsjett i periode	Avvik i perioden	
Salgs- og driftsinntekt					
Salgsinntekter					
3100	Baneleigeinntekter	-109 000,00	-45 000,00	-64 000,00	
3120	Sponsorinntekter avgiftsfrie	-39 500,00	0,00	-39 500,00	
3900	Div inntekter	-12 000,00	0,00	-12 000,00	
3910	Baneleige / arrangement	-3 000,00	0,00	-3 000,00	
SUM Salgsinntekter		-163 500,00	-45 000,00	-118 500,00	
SUM Salgs- og driftsinntekt		-163 500,00	-45 000,00	-118 500,00	
Andre driftskostnader					
Av- og nedskrivninger					
6010	Avskrivning på vatn.anlegg	16 000,00	0,00	16 000,00	
SUM Av- og nedskrivninger		16 000,00	0,00	16 000,00	
Kostnad lokaler					
6390	Annen kostnad lokaler	12 507,82	898,00	11 609,82	
SUM Kostnad lokaler		12 507,82	898,00	11 609,82	
Leiekostnader					
6400	Leie maskiner	3 600,00	0,00	3 600,00	
6410	Arealleige grunneigarar	37 523,46	42 000,00	-4 476,54	
6420	Leige av maskiner	253,91	0,00	253,91	
SUM Leiekostnader		41 377,37	42 000,00	-622,63	
Verktøy, inventar og driftsmateriale som ikke skal aktiveres					
6550	Diverse kostnader/overføringer NGK	95 000,00	0,00	95 000,00	
SUM Verktøy, inventar og driftsmateriale		95 000,00	0,00	95 000,00	
Kontorkostnader, trykksaker o.l.					
6890	Bank-kostnader, gebyr etc	243,00	3 917,00	-3 674,00	
SUM Kontorkostnader, trykksaker o.l.		243,00	3 917,00	-3 674,00	
SUM Andre driftskostnader		165 128,19	46 815,00	118 313,19	
Finansinntekt og -kostnad					
Finansinntekter					
8040	Renteinntekt, skattefri	-4,00	0,00	-4,00	
SUM Finansinntekter		-4,00	0,00	-4,00	
Finanskostnader					
8140	Rentekostnad, ikke fradragsberettiget	64 381,00	5 420,65	58 960,35	
SUM Finanskostnader		64 381,00	5 420,65	58 960,35	
SUM Finansinntekt og -kostnad		64 377,00	5 420,65	58 956,35	

ResultatPeriode: 1 - 12
Regnskapsår: 2005Dato: 25.01.2006
Side: 2

Konto	Tekst	Reelt i periode	Budsjett i periode	Avvik i perioden
Resultater				
	Sum salgs- og driftsinntekter	-163 500,00	-45 000,00	-118 500,00
	Sum totale driftskostnader	165 128,19	46 815,00	118 313,19
	Sum finansinntekt og -kostnader	64 377,00	5 420,65	58 956,35
	Årsresultat	66 005,19	7 235,65	58 769,54
	Avsetninger	0,00	0,00	0,00
	Årsresultat etter avsetninger	66 005,19	7 235,65	58 769,54

Balanse

Dato: 25.01.2006

Periode: 1- 12
Regnskapsår: 2005

Side: 1

Konto	Tekst	Inngående balanse	Reelt i periode	Utgående balanse
Eiendeler				
<u>Anleggsmidler</u>				
Varige driftsmidler				
1200	Prosjekt 9-hullsbane	1 337 773,00	0,00	1 337 773,00
1210	Vatningsanlegg	158 479,02	-16 000,00	142 479,02
SUM Varige driftsmidler		1 496 252,02	-16 000,00	1 480 252,02
Finansielle anleggsmidler				
1340	Internoverføring NGK	95 000,00	-95 000,00	0,00
SUM Finansielle anleggsmidler		95 000,00	-95 000,00	0,00
SUM Anleggsmidler		1 591 252,02	-111 000,00	1 480 252,02
<u>Omløpsmidler</u>				
Fordringer				
1500	Kundefordringer	0,00	12 000,00	12 000,00
SUM Fordringer		0,00	12 000,00	12 000,00
Bankinnskudd, kontanter o.l.				
1900	Driftskonto 3790.12.23719	-487,67	975,81	488,14
SUM Bankinnskudd, kontanter o.l.		-487,67	975,81	488,14
SUM Omløpsmidler		-487,67	12 975,81	12 488,14
SUM Eiendeler		1 590 764,35	-98 024,19	1 492 740,16
Egenkapital og gjeld				
<u>Egenkapital</u>				
Over-/underskudd				
8800	Årsresultat (underskudd)	0,00	66 005,19	66 005,19
SUM Over-/underskudd		0,00	66 005,19	66 005,19
Opptjent egenkapital				
2050	Annen egenkapital	7 235,65	0,00	7 235,65
SUM Opptjent egenkapital		7 235,65	0,00	7 235,65
SUM Egenkapital		7 235,65	66 005,19	73 240,84
<u>Gjeld</u>				
Annen langsiktig gjeld				
2200	Lån SPV	-1 498 000,00	-64 381,00	-1 562 381,00
SUM Annen langsiktig gjeld		-1 498 000,00	-64 381,00	-1 562 381,00
Kortsiktig gjeld				
2400	Leverandørgjeld	-100 000,00	96 400,00	-3 600,00
SUM Kortsiktig gjeld		-100 000,00	96 400,00	-3 600,00
SUM Gjeld		-1 598 000,00	32 019,00	-1 565 981,00
SUM Egenkapital og gjeld		-1 590 764,35	98 024,19	-1 492 740,16

5. Arbeidsplan for 2006.

Saka vart handsama i årsmøte for Nordfjord Golfklubb

6. Baneandelar, regulering av vedtekter

Styret la fram forslag til regulering av vedtekter for baneandelar i Stokkenes Golfpark BA. Årsmøtet vedtok samrøystes følgjande vedtekter:

Vedtekter for andel i Stokkenes Golfpark BA

Andelar:

Andelseigarar i Stokkenes Golfpark BA får rettigheter i samsvar med "Vedtekter for andel i Stokkenes Golfpark BA". Andelen gjev kun rettigheter for andelseigarar som er medlem, og har betalt medlemskontingent i Nordfjord Golfklubb.

Det fins 3 typar andelar:

A- andel, som gjev rettigheter i følgje vedtektene.

B- andel, som gjev rettigheter i følgje vedtektene, kun i samband med ein A- andel. B- andelen vert lagt ut for sal med rabattert pris og er mynta på ektepar / sambuarar. For å kunne få kjøpe ein B- andel må paret også ha kjøpt ein A- andel. Dersom parforholdet opphøyrer må B- andelen oppgraderast til A- andel for å gje rettigheter.

C- andel, som gjev rettigheter i følgje vedtektene og er mynta på ungdomar og barn, fram til og med det året ein fyller 18 år. Andelen vert lagt ut for sal til rabattert pris. C- andelen må oppgraderast til A- andel det året ein fyller 19 år.

Andelseigaren sine rettigheter:

- 1) Andelseigar har spelerett, utan å måtte betale greenfee- avgift, på golfbana i Stokkenes golfpark.
- 2) Andelseigar blir prioritert ved tildeling av speletid og kø på golfbana.

Kjøp og sal av andelar:

Ein A- andel kan kun seljast som A- andel, B- andel som B- andel og C- andel som C- andel.

For andelar som vert selt til andre enn nære familiemedlemar, skal 10 % av salssummen tilfalle Stokkenes Golfpark BA. Dersom vederlagspliktig sal av andel skjer utan vederlag til Stokkenes Golfpark, vert andelsbrevet annullert.

Ein andelseigar kan vederlagsfritt selje eller overdra sin andel til nære familiemedlemar, slik som; forelder, ektefelle, sambuar, sysken, barn og barnebarn.

Sal, kjøp eller overdraging av andelar skal alltid gå gjennom Stokkenes Golfpark BA sin administrasjon, slik at nytt andelsbrev kan skrivast ut i den nye eigaren sitt namn. Seljaren sitt andelsbrev skal leverast inn for makulering. Andelskjøparar mottek signert og stempla andelsbrev. Signering av andelsbrev kan utførast av styreleiar, kasserar eller dagleg leiar.

Eit andelsbrev skal alltid vere knytt til ein (1) person sitt namn og handsamast som eit verdipapir.

Andelseigaren (seljaren) har ansvar for å sjå til at sal eller overdraging vert utført etter "Vedtekter for baneandel i Stokkenes Golfpark BA". Transaksjonar som ikkje blir utført i samsvar med vedtektene er å sjå på som ugyldige.

Stokkenes Golfpark BA har forkjopsrett ved andelssal. Styreleiar i Stokkenes Golfpark BA kan avgjere når forkjopsrett skal nyttast.

Dagleg leiar i Stokkenes Golfpark BA fører liste med andels- transaksjonar: kjøpar, seljar, type andel, salssum og dato. På denne oversikta skal også overdragingar og oppgradering av andelar førast.

Prissetting og endring av vedtekter:

- 1) Årsmøtet bestemmer kor mange andelar som skal leggast ut for sal.
- 2) Årsmøtet bestemmer prisen på andelane som er lagt ut for sal.
- 3) Årsmøtet bestemmer pris for oppgradering av andel.
- 4) Årsmøte kan gjere endringar i vedtektene ved 2/3 fleirtal.

7. Val av leiar.

Årsmøtet gjorde samrøystes vedtak om attval av Kent Tryggestad.

8. Val av styremedlemar og 2 varamedlemar og komitérepresentantar.

Styret med vararepresentantar og komitémedlemar vart samrøystes valde slik det går fram av valprotokoll 2006:

Valprotokoll 2006

Gruppe	Verv	2004	På val
Styre	Leiar	Kent R. Tryggestad	2007
	Nestleiar	Tom Skjerven	2007
	Sekretær	Knut Rønnestad	2007
	Kasserar	Helge Haugland	2007
	Styremedlem	Bodil Rasmussen	2008
	Styremedlem	Dagfinn Gjerde	2007
	Styremedlem	Trond Kroken	2008
	Vara	Sonja Borhaug	2008
	Vara	Elias Nes	2008
	Grunneigar	Svein Fjørtoft	
Grunneigar	Gitta ter Stege		
Grøntkort/ Handikapkomité	Leiar	Dagfinn Gjerde	2007
		Knut Rønnestad	2007
		Kent R. Tryggestad	2007
Marknadsgruppe	Leiar	Trond Kroken	2008
		Bjørn Lien	2007
		Gunnar Olsen	2008

Banekomiteé	Leiar	Dagfinn Gjerde John Matias Garlid Elias Nes Ivar Bjarte Nord Tore Naustdal Svein Fjørtoft Gitta ter Stege	2007 2008 2007 2008 2008
Sportskomité	Leiar	Gitta ter Stege Knut Rønnestad Jan Skogstad Torodd S. Nord	2008 2007 2007 2007
Damegruppe	Leiar	Bodil Rasmussen Kari Bergheim Cindi Rasmussen Torill Fjørtoft Gitta sas ter Stege	2008 2008 2008 2008 2007
Idrettsrådet		Torill Fjørtoft	2007
Skulekontakt		Martin Larsen	2008
Revisor		Rune Totland	
Valnemnd	Leiar	Einar Sandven Per Jan Nesbakk	2007 2007

Årsmøtet oppmoda styret til å kalle inn vararepresentantane til styremøta.

9. Eventuelt.

- a) Styret la fram forslag om at lokale medlemar som ikkje har tid eller høve til å møte på dugnad, skal kompensere for 5 dugnadstimar á kr. 100,-, sum kr. 500,-. Forslaget vart samrøystes godkjend.
- b) Årsmøtet vedtok at dei 13 andelane som står att etter fjorårssesongen skal seljast til følgjande prisar:
 - A- andel til kr. 7.500,-
 - B- andel til kr. 4.000,-
 - C- andel til kr. 3.000,-
- c) Årsmøtet gav styret samrøystes løyve til å legge ut nye 20 andelar for sal til følgjande prisar:
 - A- andel til kr. 10.000,-
 - B- andel til kr. 6.000,-
 - C- andel til kr. 3.000,-

Nordfjordeid, / -2006

Nordfjordeid, / -2006

.....
Dagfinn Gjerde

.....
Elias Nes